Utval for plan og samfunn si handsaming av sak 29/2026 i møte den 14.10.2026:

Handsaming

Det låg føre slik tilråding frå kommunalsjefen:

Det vert med grunnlag i søknad rev. 11.09.2026 og med heimel i Plan- og bygningsloven § 12-14 gjort vedtak om planendring etter forenkla prosess for Detaljreguleringsplan for Myradn 30.03.2023, planid. 4640-2022004 ved at følgjande føresegner vert endra:

1. Pkt. 3.1 Masseuttak, punkt a og b (endringar i kursiv):

    a. *Innanfor planområdet skal det drivast masseuttak og industri i samsvar med driftsplan og følgjande fristar:*
        - *Sprenging/uttak av stein er tillate fram til 01.06.2028.*
        - *Knusing/foredling av massar skal vere ferdig innan 01.06.2029.*
        - *Mellomlagring av knuste/foredla massar er tillate fram til og med 01.09.2030.*
        - *Heile planområdet skal vere tilstelt og ferdigstilt innan 15.10.2030, og såing påfølgjande vår. Bandleggingsområdet for ny Rv. 5 skal vere tilstelt, men ikkje ferdigstilt som næringsområde, jf. føresegn 3.2.*
        - *Det skal bli utarbeida ein konkret framdriftsplan, og statusrapport knytt til denne skal sendast kommunen kvar 3. månad, første gong 01.02.2027.*

    b. I tillegg gjeld følgjande føresetnader for drift:

        - Driftstidene er måndag til torsdag kl. 07.00–16.00 og fredag kl. 07.00–12.00.
        - Sprenging kan berre skje i tidsrommet måndag til fredag kl. 07.00–16.00, og normalt om lag tre gonger årleg.
        - Sprenging skal varslast med SMS.
        - Plassering av alle støykjelder skal vere nede i bruddet bak masselager.
        - Knusing av massar skal i hovudsak skje ved bruk av knusekule. Pigghammar skal berre nyttast der knusekule ikkje er eigna.
        - Innkøyringa til anleggsområdet skal sikrast med bom. Det skal elles setjast opp sikring langs tomtegrensene kring det regulerte området.
        - *Avslutning, opprydding og istandsetting av masseuttaket skal elles følgjast opp gjennom gjeldande konsesjon, driftsplan med avslutningsplan. Avslutningsplanen skal legge til grunn at masseuttaket skal avsluttast med jordslåing for skråningar/ grøntbelte*

og skal vise ein overordna situasjon med inndeling i framtidig grøntareal og næringsareal.
- *Dersom det ikkje går ut over vilkår for drift og framdrift, kan delareal bli tilstelt og ferdigstilt undervegs.*

2. *Føresegn pkt. 5.1.2 Byggesøknad, punkt a (endring i kursiv):*

   a. Før tiltak kan gjennomførast skal det utarbeidast ein grøntplan, *som bygger vidare på avslutningsplan for masseuttaket.* Det skal leggast opp til planting med tre / busker langs dei ulike vegane og areala. Beplantinga skal ha ei god verknad på alle tider av året, med veksling i fargar og bladverk for å bidra til å skape identitet og orientering i på næringsområdet.

Vedtaket om slik planendring vert grunngjeve med at forlenging masseuttaket er naudsynt for å kunne gjennomføre planen med tilrettelegging av næringsområdet. Støy og støv er ei ulempe for omgjevnadene, men vurdert å vere akseptable med dei føresetnadene som er sett for fristar og drift.

Avrøysting:

Samrøystes

Vedtak

Det vert med grunnlag i søknad rev. 11.09.2026 og med heimel i Plan- og bygningsloven § 12-14 gjort vedtak om planendring etter forenkla prosess for Detaljreguleringsplan for Myradn 30.03.2023, planid. 4640-2022004 ved at følgjande føresegner vert endra:

1. Pkt. 3.1 Masseuttak, punkt a og b (endringar i kursiv):

a) Innanfor planområdet skal det drivast masseuttak og industri i samsvar med driftsplan og følgjande fristar:

- *Sprenging/uttak av stein er tillate fram til 01.06.2028.*
- *Knusing/foredling av massar skal vere ferdig innan 01.06.2029.*
- *Mellomlagring av knuste/foredla massar er tillate fram til og med 01.09.2030.*
- *Heile planområdet skal vere tilstelt og ferdigstilt innan 15.10.2030, og såing påfølgjande vår. Bandleggingsområdet for ny Rv. 5 skal vere tilstelt, men ikkje ferdigstilt som næringsområde, jf. føresegn 3.2.*
- *Det skal bli utarbeida ein konkret framdriftsplan, og statusrapport knytt til denne skal sendast kommunen kvar 3. månad, første gong 01.02.2027.*

b) I tillegg gjeld følgjande føresetnader for drift:

- Driftstidene er måndag til torsdag kl. 07.00–16.00 og fredag kl. 07.00– 12.00.
- Sprenging kan berre skje i tidsrommet måndag til fredag kl. 07.00– 16.00, og normalt om lag tre gonger årleg.
- Sprenging skal varslast med SMS.
- Plassering av alle støykjelder skal vere nede i bruddet bak masselager.
- Knusing av massar skal i hovudsak skje ved bruk av knusekule. Pigghammar skal berre nyttast der knusekule ikkje er eigna.
- Innkøyringa til anleggsområdet skal sikrast med bom. Det skal elles setjast opp sikring langs tomtegrensene kring det regulerte området.
- *Avslutning, opprydding og istandsetting av masseuttaket skal elles følgjast opp gjennom gjeldande konsesjon, driftsplan med avslutningsplan. Avslutningsplanen skal legge til grunn at masseuttaket skal avsluttast med jordslåing for skråningar/ grøntbelte og skal vise ein overordna situasjon med inndeling i framtidig grøntareal og næringsareal.*

- *Dersom det ikkje går ut over vilkår for drift og framdrift, kan delareal bli tilstelt og ferdigstilt undervegs.*

2. Føresegn pkt. 5.1.2 Byggesøknad, punkt a *(endring i kursiv):*

a) Før tiltak kan gjennomførast skal det utarbeidast ein grøntplan, *som bygger vidare på avslutningsplan for masseuttaket*. Det skal leggast opp til planting med tre / busker langs dei ulike vegane og areala. Beplantinga skal ha ei god verknad på alle tider av året, med veksling i fargar og bladverk for å bidra til å skape identitet og orientering i på næringsområdet.

Vedtaket om slik planendring vert grunngjeve med at forlenging masseuttaket er naudsynt for å kunne gjennomføre planen med tilrettelegging av næringsområdet. Støy og støv er ei ulempe for omgjevnadene, men vurdert å vere akseptable med dei føresetnadene som er sett for fristar og drift.